



GJEMNES KOMMUNE

KULTURAVDELINGA

Utleigereglar for Gjemneshallen og Batnfjord samfunnshus

Gjemneshallen og Samfunnshuset kan leigast ut til alle typar idrettsaktivitetar som hallen/huset er bygd for, både trening og konkurranse. I tillegg kan hallen/huset leigast ut til messer, utstillingar, dansetilstellingar, konsertar, kulturarrangement, møter og stemner at dei fleste slag.

Tinging av leigetid skal skje skriftleg på fastsett skjema. Skjema kan hentast frå kommunen sine nettsider, eller på Kulturkontoret.

Følgjande retningslinjer gjeld:

1. Tinging er ikkje effektuert før leigetakar har motteke stadfesting skriftleg frå utleigar (kommunen)
2. Søknadsfrist for utleige er 1. september kvart år. Ved tideling av leigetid gjeld ansiennitetsprinsippet. Etter søknadsfristens utløp, gjeld prinsippet ”*førstemann til mølla*”
3. Leigetakar pliktar å gjere seg kjent med dei til ein kvar tid gjeldande lovverk/ordensreglar for huset. Dette gjeld også branninstruks og rømningsplan.
4. Kwart lag/gruppe skal ha ein leiar/instruktør som har ansvaret for at ordensreglane blir halde. (Viser til søknadsskjema der denne skal førast opp)
5. Avbestilling/ending av leigeforholdet skal skje skriftleg (pr.brev, e-post eller faks) seinast 7 dagar før leige/arrangementsdato.
6. Faste leigetakarar skal vike plassen for enkeltarrangement i hallen. Huseigar skal melde frå om dette minst 7 dagar før arrangementet.
7. Leigetakar får kvittert ut nøkkel (mot betaling av depositum) på kulturkontoret før leigeforholdet/arrangementet tek til. Nøkkelen skal leverast tilbake straks leigeforholdet opphører.
8. Leige for enkeltarrangement blir fakturert fortløpande og etter den til ei kvar tid gjeldande leigesatsar. For faste leigetakarar blir faktura utsendt 2 gongar pr. år.